



MØTEPROTOKOLL

Utval: Temagruppe for kulturbygging i Nye Volda Kommune

Møtestad: Kommunehuset Smia, Hornindal

Dato: 20.4.2018

Tid: 16:00

Desse møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Odd Harald Sundal	Leiar	Fellesnemnda
Ola Bergset Ulvedal	Medlem	Hornindal Frivilligsentral
Sigurd Tverberg	Medlem	Volda Ungdomsråd
Anett Mari Bugjerde	Medlem	Ressursperson Hornindal
Astrid Gjersdal	Medlem	Volda Frivilligsentral

10/2018 Ungdomsarrangement

I etterkant av førre møte i temagruppa har ungdomsrådet i Volda hatt møte saman med representantar frå Hornindal for å planlegge eit ungdomsarrangement i Volda til hausten. Ungdomsrådet har konkludert med at dersom dei skal ha ansvaret for eit slikt arrangement vil dei arrangere det på Rokken for å ha deira kompetanse i ryggen. Rokken er kontakta og Odd Harald Sundal og Sigurd vil ta initiativ til eit møte med dei. Aktuelle artistar vil også bli kontakta.

11/2018 Barnearrangement

Gruppa ser på moglegheitene for å ha eit barnearrangement i Hornindal same helg som ungdomsarrangementet. Dette vil evt. skje i samarbeid med andre instansar. Dette kjem vi tilbake til.

12/2018 Samarbeidsmodell

Vedr. samarbeidsmodell ser gruppa føre seg å lyse ut midlar som frivillige lag og organisasjonar kan søke på. Midlane vil evt. vere øyremerka til tiltak som kan bidra til å bringe folket i dei to kommunane nærare og eit av kriteria vil vere samarbeid på tvers av grensa.

13/2018 Prosjektbeskriving

Gruppa må utarbeide ei prosjektbeskriving for å leggje denne fram for fellesnemnda på nemnda sitt møte i juni. Denne vil danne grunnlaget for innvilging av midlar til prosjekt.

14/2018 Venebenk

Vinnarane er bestemt og vil verte annonsert i veke 18.